



Vegard er i eit talentfullt ensemble (Foto. Bjarne Øymyr)

Uskedalens svært lovande musikar Døssland har fått ein ny blome i knappholet. Etter å ha søkt og sendt inn prøve har han vorte med i det mektige Norsk Blåseorkester. Nokre kallar det Landslaget til Ole Edvard etter hedemarkingen som har nådd internasjonalt nivå med spelet sitt. Han er ein svært populær dirigent for orkesteret, som har full symfonisk bemanning og som har hausta mange gode kritikkar.

Til dømes var dei unge musikk talentane i NBO på besøk på Taiwan i fjor. Der spela dei på WASBE-konferansen som er kalla musikkens svar på Champions League. I alle fall er det ingen tvil om at det er verdas mest prestisjetunge konferanse for alle som driv med blåsemusikk.

Ein anmeldar konkluderte med at blåseensemblet spela utsøkt og alltid var tru mot komponistane. Ein annan meinte at dei unge og talensfulle musikarane spela strålande.

Ole Edvard sjølv fekk karakteristikken fantatsisk etter eit solistnummer der ensemblet forresten var redusert til 14. Også tubaisten Øystein Baadsvik vart rost opp i skyene etter turen til Taiwan

Det kan ikkje vera tvil om at ein lovande musikar frå Uskedalen er i eit nytt, godt selskap.

Av Ola Matti Mathisen